ØRSTA KOMMUNE

Ørsta – hjartet av Sunnmørsalpane

PLANPROGRAM

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Framlegg til planprogram ds. 19.01.2023.



ØRSTA KOMMUNE

Innhald

Bakgrunn for planen og utfordringar 2

Evaluering av gjeldande plan 2

Føremålet med planarbeidet 3

Føringar for planarbeidet 3

- Nasjonale føringar 3
- Regionale føringar 4
- Kommunale føringar 5

Planprosessen 5

- Organisering 5
- Framdriftsplan 6

Innhald og tema i planen 7

ØRSTA KOMMUNE

Bakgrunn for planen og utfordringar

Gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2013-2020, vedteken av Ørsta kommunestyre den 29.08.2013.

Ørsta kommunestyre vedtok den 15.12.20 kommunal planstrategi 2020-2024 for Ørsta kommune, som seier at revisjon av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ei prioritert planoppgåve i 2023.

Forvaltningsplanen for statleg sikra friluftsområde 2018 – 2023 var vore eit vedlegg til kommunedelplanen, og var sist fornya i 2018. Planen er eit vilkår for å få tilskot.

Kvart 4. år vert det laga ei folkehelseoversikt for kommunen, siste er frå 2020. Den peikar mellom anna på at sjølv om talet på barn og unge som deltek i organiserte aktivitetar har auka med nye Ørstahallen, så er det framleis for mange som ikkje oppfyller aktivitetsnivået som Helsedirektoratet tilrår. Dette gjeld også for vaksne og eldre. Konsekvensen av lite fysisk aktivitet kan føre til livsstilsjukdomar. Regelmessig fysisk aktivitet er naudsynt for at barn og unge skal oppnå normal vekst og utvikling og for å kunne utvikle motorisk kompetanse, muskestyrke og kondisjon. Det har også positiv effekt på stress, generell fysisk og psykisk helse og livskvalitet. Auka fysisk aktivitet i kvardagen kan betre folkehelsa.

Kommunen har gjennomført kartlegging og verdsetjing av friluftsområder. Arbeidet med kartlegging av friluftslivet sine ferdselsårer er i starten, men er førebels avgrensa til berre kartlegging og ikkje planlegging av tiltak. Kommunen har også utarbeida ei retningslinje for merking og skilting av turstiar, og gjev rettleiing og tilskot til lag og organisasjonar i høve merking.

Evaluering av gjeldande plan

Fleirtalet av dei ordinære anlegga og eitt nærmiljøanlegg på handlingsprogrammet frå 2013 er gjennomført. Fleire nærmiljøanlegg har siste åra vorte gjennomført, slik som pump-track og treningsanlegg ved Ørstahallen.

Friluftstiltak i planen er følgt opp med unntak av folkehelseløype i Ørsta sentrum og renovasjon ved sentrale utfartsparkeringsplassar. Del av badeberget på Hovdevatnet har vorte statleg sikra i planperioden, men ikkje dei andre.

Handlingsprogrammet har tatt inn enkeltanlegg ved behov og vart rullert i 2022. Slik prioritert handlingsprogram ligg føre i dag er for mange prosjekt på den kortsiktige prioriteringslista utan nok utgreiing og kostnadsvurdering.

Føremålet med planarbeidet

Planen skal gje ei oppdatert anleggsoversikt og vere eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål på feltet. For å søke spelemidlar er det ein føresetnad at anleggsprosjekta er med i ein vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. For dei statleg sikra friluftsområda må tiltak vere innarbeidd i forvaltningsplanen for å kunne få tilskot.

Målformulering i gjeldande plan er: *«Kommunen si hovudmålsetting innan idrett og fysisk aktivitet er tilrettelegging for breiare fritidstilbod slik at uorganisert fysisk aktivitet og folkehelse også får plass mellom organisert idrett der heile kommunen vert arena»*. Denne målformuleringa vert vidareført.

Føringar for planarbeidet

Etter plan- og bygingsloven skal nasjonale og regionale rammer og retningsliner leggast til grunn ved kommunal planlegging. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal utarbeidast i samsvar med desse.

Nasjonale føringar

Plan og bygningsliven, Folkehelseloven, Friluftsloven, Naturmangfoldloven og FNs berekraftsmål

Stortingsmeldingar:

Stortingsmelding om idrett (Meld. St. 26 2011-2012): «*Den norske idrettsmodellen*» sin visjon er idrett og fysisk aktivitet for alle.

Eit av måla i Folkehelsemeldinga (Meld. St. 19 2018 -2019) «*Gode liv i et trygt samfunn*» er å legge til rette for helsevenlege val gjennom å legge til rette for auka fysisk aktivitet.

Stortingsmelding om friluftsliv (Meld. St. 18 2015-2016): «*Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*» har eit mål om å få fleire til å drive med friluftsliv,

og få oppleve friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet basert på minst mogleg fysisk tilrettelegging.

Stortingsmelding 10 (2018-2019) «Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfoldig».

Andre relevante nasjonale føringar:

- FN sin barnekonvensjon
- Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029
- Veileder - Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (2014)
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kjelde til helse og livskvalitet (2018)
- Fritidserklæringa
- Aldersreforma «Leve heile livet»
- Idrettsstrategien til Regjeringa

Regionale føringar

Regional planstrategi (2020-2024).

Gjeldande regional plan, «Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024» inneheld tema folkehelse. Fylkesplanen syner at helsetilstanden i befolkninga i hovudsak er god. Likevel er kvardagsaktiviteten for låg, og stadig fleire kontaktar primærhelsetenesta grunna psykisk symptom og lidingar.

Anlegg for idrett og fysisk aktivitet er viktig for å få fleire i meir aktivitet og kompensere for lite kvardagsaktivitet. Dette er spesielt knytt til fylkesplanmål om utvikling av nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar god fysisk og psykisk helse, inkluderande og trygge byar og tettstader med eit variert kultur- og tenestetilbod, og det å ha eit kultur- og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle.

Kommunale føringar

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2012 – 2025, som vart vedteken den 21.06.2012, har m.a. som hovudmål at Ørsta kommune skal vere ein attraktiv stad å busetje seg, og vere ein inkluderande kommune med eit mangfald av opplevingar og gode oppvekstmiljø. For å nå måla er fleire strategiar peika ut for planperioden. Følgjande strategiar er trekt fram som viktige for planarbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

- «gjennom planlegging sikre at tilrettelagde buområde har tilgang til leikeareal, tur- og friareal, gang – og sykkelvegnett og offentleg kommunikasjon, og at desse er tilgjengelege for alle uavhengig av funksjonsgrad
- tenke *Helse i alt vi gjer* og drøfte folkehelseperspektivet i all planlegging
- legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar
- sikre viktige nærfriområde i Ørsta sentrum og Hovdebyda, inklusive strandsona og elvane
- vurdere og gjennomføre statleg sikring av friluftsområde som er viktige å sikra for ålmenta, både i regionalt og lokalt perspektiv
- sikre viktige nærområde som er viktige for friluftsformål gjennom arealplan
- styrke planlegginga av gang- og sykkelvegar»

Planprosessen

Planarbeidet vil følgje krav i plan- og bygningsloven for kommunedelplanar med omsyn til politisk handsaming, offentleg ettersyn, kunngjering med meir.

Organisering

Styringsgruppe og planmynde

Ørsta formannskap, som planutval, er styringsgruppe for arbeidet. Deira ansvar er å legge føringar for arbeidet og treffe slutningar ved vegval.

Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa består av kultur/folkehelse- og miljøvernrådgjevar, som ser til at prosessen vert gjennomført i tråd med framdriftsplanen. I tillegg skal kommuneoverlegen involverast.

Medverknad

Representantar for Ørsta idrettsråd, uorganisert fysisk aktivitet, lokalt friluftsliv og råda for eldre, ungdom og likestilling av funksjonshemma skal involverast i planprosessen for å dokumentere status og behov for idrett og fysisk aktivitet i Ørsta kommune.

I tillegg vil barn og unge bli invitert til å medverke å seie noko om korleis dei synes det er kjekt å vere i fysisk aktivitet, og kva dei tenker må på plass for at aktivitetsnivået skal auke. Gjennomføring vil skje i tett samarbeid med Ørstabarnehagen og Ørstaskulen.

Frivillige lag og organisasjonar og andre relevante partar vil få varsel direkte ved høyring og fastsetjing av planprogram og planframlegg. Her har også andre høve å kome med innspel og merknadar til planarbeidet. Utarbeida planframlegg skal leggast fram for planutvalet (formannskapet), som gjer vedtak om offentleg ettersyn.

Planoppstart, høyringar og vedtak vil bli varsla i lokalavisa og gjennom kommunen sine kanalar som heime- og facebookside.

ØRSTA KOMMUNE

Framdriftsplan

Aktivitet	Tidsrom	Kommentar
Vedtak om høyring av planprogram	Vinter 2023	
Utarbeiding av planframlegg	Vår/Sommar 2023	Medverknad
Høyring planframlegg	Haust 2023	
Justering av planen og vedtak	Vinter 2023/2024	

Innhald og tema i planen

Kommunedelplanen er avgrensa til å gjelde for idrett og fysisk aktivitet, slik omgrepa blir definert og forstått i «Veileder for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (KUP 2014) og frå Klima- og miljøverndepartementet St.meld. nr. 18 (2015-2016). Planen er eit viktig verktøy for folkehelsearbeidet i Ørsta kommune.

Med *idrett* meiner vi aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av leik. Friluftsliv blir definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. I den vidare teksten inngår friluftsliv i omgrepet fysisk aktivitet.

Planen skal innehalde:

- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- Oversikt over forventa kostnadar knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde bør gå fram av relevante kart
- Korleis kommunen kan stette folkehelseutfordringar i befolkninga gjennom denne planen
- Vurdere behov for nye statleg sikra friluftsområde og oppdatere forvaltningsplanen
- Vurdere høve for å etablere lokal spelemiddelpool for å forskottere lag og organisasjonar som har fått godkjent sine søknader, jf. kommunestyret sitt vedtak PS 55/22

Målsetting med planarbeidet og anleggsutbygginga vert sett her i planprogrammet, men også teke inn i plandokumentet.

Konsekvensutgreiing

Kommunedelplanen er tematisk og utan heimel til juridisk arealdisponering, og utløyser dermed ikkje krav om konsekvensutgreiing.